



**Måndag kveld har Hobbyklubben i Bedehuset avslutning på sesongen og eitt av høgdepunkta blir når det skal kunngrast kven som har vore dei flinkaste refleksbrukarane gjennom ein mørk vinter.**

Sidan den spesielle tevlinga starta i fjor haust og alle fekk delt ut refleksvestar (biletet) er refleksbrukarane nøyaktig registrerte av leiinga og no er det klårt at fire har vore like flinke! Kven det er vil ikkje verta gjort kjend før i kveld.

Den som blir trukke ut som vinnar får ein IPOD som er verd 1.400 kroner og dei tre andre får ei overrasking, opplyser leiar Tore Mathiesen.

Når det gjeld programmet elles måndag lovar Tore både eit stort dessertbord og andre overraskelsar!